

BOKN

BYGDEBLAD

NR. 1 - JAN./FEBR. 1989

ARG. 4

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

EIVIND ØVREBØ FEKK "KULTURPRIS"

I siste kommunestyremøte før jul den 16. desember fekk Eivind Øvrebø overrekk ei gåve frå kommunen.

Det var historieverket "Fra Vistehola til Ekofisk", som er Rogaland fylke si historie.

Ordføraren som overrekte gåva sa at gåva ikkje var meint som betaling

for alt det arbeidet Eivind Øvrebø har lagt ned for kommunen, men meir som ei symbolsk handling for å visa at kommunen verdset det arbeidet som er utført opp gjennom mange år. Det er først og fremst Bokn bygdemuseum som har nytta godt av Eivind Øvrebø sin innsats.

HJARTEKARUNDER- SØKINGA I BOKN

I slutten av desember kom resultatata frå hjarte/kar undersøkinga. Resultatata kan ein få ved å henvenda seg til helseetaten.

373 av alle innkalla møtte, det var ein deltakarprosent på 76%. Når vi veit at mange har arbeid og skulegang borte frå øya, seier vi oss nøgde med frammøte.

58 personer vert innkalt til etterundersøking, dvs. 15,5% av alle undersøkte (gjennomsnitt for landet 10-12%)

Dei som vert innkalt til etterundersøking vert innkalt etter ein såkalla "infarktrisk".

Her er det resultatet av kolestrolprøva, korleis blodtrykk ein har, gjennomsnittleg dagleg røyking, hjarte/kar sjukdom i familien og kva kjønn ein er som gjer ein samla sum som ein kallar infarktrisk.

STUMP
RØYKEN



Det gjer at ein ikkje vert innkalt til etterundersøking om ein tildømes berre har eit for høgt kolestrolinnhald i blodet.

Vi som ikkje vert innkalt til etterundersøking må alle ta ansvar for vår eiga helse - alle er vi i risiko.

Dersom nokon har noko dei lurar på kan dei henvenda seg til helsesøster.

Marie

25.000,- FRÅ BOKN TIL GASMET A/S

Bokn formannskap løyvde i møte den 24.01.89 kr.25.000,- til studie av utnytting av naturgass i Nord-Rogaland.

Tilsegnet forutset at desse kommunane gir tilskot etter fylgjande fordeling:

- Karmøy kommune inntil kr.150.000,-
- Haugesund kommune inntil kr.150.000
- Tysvær kommune inntil kr.75.000,-
- Bokn kommune inntil kr.25.000,-

Total sum er kr.400.000,- som skal nyttast til studie av utnytting av naturgass i Karmøy/Haugesund-regionen.

Det var Nord-Rogaland rådet som hadde rådd kommunane Haugesund, Karmøy, Bokn og Tysvær til å gi tilsegn til Gasmet A/S om økonomisk medverkning til ein planlagt studie i Nord-Rogaland. Tilsegnet er gitt under forutsetning av at Gasmet får tilsvarende økonomisk medverkning frå det lokale næringslivet.

Nord-Rogaland rådet forutset også at Gasmet presenterer ein framdriftsplan som er basert på den ramma som er presentert Nord-Rogaland rådet tidlegare. Dersom studien vert mindre omfattande enn planlagt, forutset ein at kommunane sin økonomiske medverkning vert redusert.

BOKN KOMMUNE KJØPER AKSJER I RADIO 102

Bokn formannskap tilrår ovafor kommunestyret å teikna aksjer for kr.10.000,- i Radio 102 A/S. Det vert 10 aksjer à kr.1.000,-.

Saka skal opp i Bokn kommunestyre sitt møte i februar.

Radio 102 har til nå vore ein del av Haugesunds avis si drift. Endring i lovverket gjer at ei avis berre kan inngå i ei nærkringkastings-samanslutning med maksimum 49% av eigarandelen. Ein vil difor gjera om Radio 102 til eit sjølstendig selskap - Radio 102 A/S. Planlagt aksjekapital er kr. 600.000,- med pålydande kr.1.000,-. Haugesunds Avis vil ha ein eigarandel på 49%. 51% vil ein dela mellom dei andre konsesjonærane, kommunane som Radio 102 har konsesjon for, tilsette og freelance-medarbeidarar ved Radio 102 og bedrifter i det området som Radio 102 har konsesjon i.

FASTEAKSJONEN 1989

BRØD FOR VERDA

KIRKENS NØDHJELP

SYKKELHJELMAR

Me håper å få sjå svært mange kvite hjelmar med ein raud refleks på kvar side i tida framover. Det ser ut til at slagordet frå Trygg Trafikk: "Det er tøft å bruka hjelm" - har slått an i Bokn og. Gjennom NAF fekk skulen tilbod om å kjøpa sykkelhjelmar til sjølvkost. Kanskje hadde det hjelpt å få høyra om trafikkulukka i byggefeltet i Føresvik der sykkelhjelmen kom godt med. Det var i alle fall stor pågang for å sikre seg ein av dei kvite hjelmane.

No står det berre att å sjå om hjelmane berre vert pynt på hattehylla, eller om me får sjå dei der dei skal vera, på hovudet til syklistane langs vegane. Som foreldre kan me jo minna ungane våre på hjelmane i tida som kjem, slik at det vert ein vane å henta både hjelmen og ytterjakka før ein legg ut på sykkelturen.

Arvid

ORIENTERING OM NYE VEDTEKTER I SR-BANK

Representantskapet i SR-BANK, som er bankens øverste organ, vedtok 28. nov. -88 nye vedtekter for SR-bankane. Disse vedtektene er no godkjente av Kredittilsynet, og inneber at dei no verande lokale tillitsmannsorgan: Kontrollkomite, bankstyre og forstandarskap skal avviklast.

I staden skal kvar avdelingsbank oppretta eit kunderåd på 3-5 personar som overtek dei fleste av styrets oppgåver.

SR-BANK Bokn er eigen avdelingsbank i SR-BANK, og det skal berre vera ein avdelingsbank i kvar kommune. Dette inneber at vi vert like godt representerte i representantskapet i SR-BANK som andre avdelingsbankar i t.d. Karmøy og Haugesund.

Arne Hosaas
banksjef

RESULTATET AV JUBILEUMSKONKURRANSEN SR-BANK BOKN 75 ÅR

På jubileumskonkurransen i forige bygdeblad kom det inn 6 svar. Fire av desse var riktige. Olaug og Østen Hognaland vart trekte ut som vinnarar, og mottok ei konfektøskje før jul. Vi gratulerer.

BOKN BYGDEBLAD KOSTAR KR.100,- PR. ÅR, FOR UTANBYGDS ABONNEMENT.

Frå 1. januar 1989 er abonnementsprisen kr.100,- pr.år for abonnentar utanom Bokn kommune.

Innafor kommunegrensene vert bygdebladet sent gratis ut til alle husstandar.

For utanbygds abonnement vil bygdebladet som vanleg senda ut rekning seinare på året.

adressa vår er:
4290 Føresvik,
tlf. 04-74 85 00

Slik reglane var før endringa i vedtektene hadde SR-BANK Bokn eit medlem i representantskapet. Slik reglane er endra vil vi få to medlemmer i representantskapet med personlege varamenn.

Den eine, kommunevalte, vert valt av kommunestyret på førstkomande kommunestyremøte.

Den andre, innskytarvalde, vert valt på innskytarvalmøte i Allrommet 23. feb.-89. Sjå eigen notis i bygdeblad og oppslag i banken om dette valet.

Desse endringane i vedtektene har ingen innverknad på den daglege drift i SR-BANK Bokn, men er meint å styrka SR-BANK i den skjerpa konkurransen vi ser mellom bankane i dag. Som kunde er du hjerteleg velkomen på innskytarvalmøte. Støtt oppom din lokale sparebank.

INNSKYTARVALMØTE I SR-BANK BOKN

Det vert innskytarvalmøte i SR-BANK Bokn torsdag 23.02.89 kl.18.30 i Allrommet Boknatun.

På dette møtet skal det veljast 1 medlem for 4 år og eit varamedlem for 1 år til representantskapet i SR-BANK.

Sjå elles oppslag i banklokalene.

TRIVELEG I ALL- ROMMET PÅ TIRSDAGAR

Bokn sanitetsforening sitt tirsdagstreff er eit tilbod til dei som ferdast i eller ved Boknatun tirs dagar mellom kl.10 - 13. Det er ope for alle, også andre enn pensjonistar. Her kan du få deg ein kaffikopp og vafla for ein rimeleg penge, og ein drøs på kjøpet. Og så er her kontortid for lege, tannlege, post, bank, kommunale og statlege kontor. Også biblioteket opnar dørene inn til allrommet på denne tida, og sjukestova er åpen for besøk frå morgon til kveld.

Vel møtt!

INFO FRA IDRETTSLAGET

Bokn I.L. hadde årsmøte 9.12.88. Årsmelding og regnskap godkjent. Valg av 2 nye styremedlemmer og 2 varamedlemmer.

Nye styremedl.: Inge Birkeland og May Elisabeth Alvestad.
1.varamann: Gerd Hansen Thuestad.
2.varamann: Hilde-Gunn Alvestad.
Svein Ove Alvestad valgt til repr. i Idrettens kontaktutvalg i kommunen. Trond Foss valgt som repr./talsmann for barn/ungdomsgruppa.

Det nye styret består av: Formann Hans Ovidth, nestformann Inge Birkeland, kasserer Ingunn Sunde, sekretær Trond Almås, materialforv. May Elisabeth Alvestad.

Takk for innsatsen til Åse Vatnaland, Inge Alvestad og Trine Grønne- stad (fung.sekr. siste 7 mnd.) som gikk ut av styret etter 2 år. De fikk hver en liten gave.

Det ble overrakt pokal til A-laget for den hederlige 3.plassen i 8. divisjon fotball.

Også overrakt O-Troll diplomer til: Marita Svendsen, Lene Jensen, Rannveig Foss, Kristin Holm, Kay Arne Christiansen, Bjørn Jøsang, Randi Jøsang, Lisa Vila og Lillian Grønne- stad.

De som hadde gjennomført Tur-orien- teringsløypa fikk merke.

Det ble vedtatt at kontingenten for 1989 skal være:

kr. 150,- for aktive voksne
kr. 50,- for barn og passive

Heidi Sunde informerte om fotball- dommerutdannelsen og fortalte om

sine erfaringer som fotballdommer samt svarte på spørsmål.

Årsmøte ble avsluttet med servering og bingo.

Idrettsmerket 1988:

Björg Bokneberg og Ingebjørg Alve- stad har oppnådd 45p og dermed sta- tuettklubbens krus, Sigrunn Hole Ho- saas har oppnådd 15p og idretts- merke i gull. Vi gratulerer!

Påmeldt til fotballserien 1989:

Menn, 8.divisjon: Trener: Svein Ove Alvestad
Gutter: Trener: Leif Kjelles- vik
Lillegutt/jenter: Tren.: Trond Foss/
Christian Ov- idth

Har startet med volleyball for jen- ter/gutter 10-14 år torsdager kl. 19.30.

Er inne i slutfasen for anbud på konstruksjon av O-kartet.

Bokn I.L. arrangerer dans/karneval, lørdag den 4.mars. Musikken besørges av The Club Cats.

HÅPER PÅ ET GODT OG AKTIVT 1989

Hans



BRUKSHUSET

No har me litt i overkant av eit års drift bak oss i dei gamle banklokala i Bokn. I byrjinga var me berre nokre få som produserte og leverte inn varer. I vekene før jul, rett etter at me hadde starta opp, hadde me vår fulle hyre med å produsera så pass at me hadde litt varer i hyllene frå laurdag til laurdag. Etter kvart kom der nye til med ting dei hadde laga og spurte om det dei hadde produsert kunne egna seg for sal. Snøballen rulla, og i dag er der i overkant av 50 personar som leverer inn varer. Alle leverer ikkje inn like mykje, men me maktar nå å fylla opp i hyllene frå gong til gong, og vareutvalet vert stadig utvida.

Boknarane har vore flinke til å slutta opp om Brukshuset, og mang ein laurdag har det vore kø utanfor når me har opna. Det gjeld visst å vera tidleg ute og sikra seg "godbitane". Potetkakekjem mange gonger ikkje ein gong fram til disken før dei vert selde.

Bakrommet har og fått ein sosial funksjon der ein kan setje seg ned med ein kaffikopp og ei potetkake og la drøsen gå, både om dette og hint.

I fyrstninga var det helst folk frå vestre Bokn som stakk innom Brukshuset om laurdagane, men i den sein-



are tida har austre boknarane teke turen over, både for å levera inn og for å kjøpa varer.

I sommar var det ein og annan turist som stakk innom, men boknarane har visst å ta med seg slekt og vener utanfrå, og det har gjort sitt til å auke omsetnaden.

Me er stadig interesserte i at fleire leverer inn varer. Ingen av oss som står og ekspederer tek oss betalt for dette. Du bestemmer sjølv prisen på dei tinga du leverer inn. Det einaste som går av er 10% til straum, husleige, innpakkingspapir o.l.

Arvid

DARLEGE UTSIKTER FOR FYLKESVEGANE

I eit brev til kommunane frå vegsjef Chester Danielsen går det fram at det skal sparast på vedlikehaldsbudsjettet for fylkesvegane i 1989. M.a. skal det nesten ikkje foregå sandstrøing sjøl om det vert glatt på fylkesvegane. Vegsjefen seier i brevet at det ikkje er noko i veien for at kommunen sjøl kan strø fylkesvegane, dersom dei ynskjer det.

Når det gjeld snøbrøyting, så går spa-retiltaka ut på at det ikkje skal brøytast mellom kl. 22.00 - 05.00.

Grusvedlikehaldet vert sterkt redusert.

Bokn kommunestyre gjorde i fjor eit vedtak kor dei ba Vegsjefen rusta opp fylkesvegnett i Bokn.

Ut frå det ovannemnde brevet og budsjettet til fylkesvegvedlikehald, må nok boknarane laga seg på dårlegare vegstandard på fylkesvegane i 1989.

FORELSK I BOKER



LESETIPS FRA «Biblioteket»

VAKSNE

- * Abrehamsen, Aase Foss:
Alltid de andre
- * Johansen, Dag Ove:
Storm natt
- * Elster, Torolf:
I skyggen av det som kan skje
- * Vik, Björg:
små nøkler, STORE ROM
- * Moe, Ingvar:
Forbanninga



BARN/UNGD.

- * Tusvik, Marit:
Kua som fraus
- * Sund, Torvald:
Onkel Oskars saueost
- * Böge, Kari:
Svanesang
- * Mathisen, Mathis:
Ismal
- * Eggen, Arnljot:
Kongsdatteren og röverne

OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 10"-13"

TORS DAG: 16"-19"

**BØKER
ER LITE
FETENDE**



**BERTHA VÅGE -
SR-BANK SIN FØRSTE
KVINNELEGE BANKSJEF**

FØRTIDSPENSJONERTE SEG 1.11.88

Sjøl om Bertha Våge har trappa heilt ned sitt yrkesaktive liv i SR-bank Bokn, tek ho det att i fullt mon på andre område.

Med interesse og anlegg for både porselensmaling og anna handarbeid, er ho leverandør til Brukshuset i Bokn, som har sal av lokal kunst og handverk.

I tillegg har ho stor hage som gir henne triveleg avkopling gjennom heile sesongen. Utanom dette tek politikken sin del. Som formann i skulestyret og medlem av kommune-styret er det dokument nok å lesa. Familieliv skal ein også ha tid til, og Bertha har både barn og barne-barn i Stavanger-området.

Bertha fortel til Bokn Bygdeblad at ho vart medlem i forstandarskapet i Bokn sparebank i 1967 etter Solveig Ellingsen som flytta frå kommunen.

Frå 1969 vart ho medlem av styret. I den tida var det styret som sto for ekspedisjonen av kundene og elles sto for banken si drift. Opn-ingstida var laurdag ettermiddag. Det var berre tilsett kasserar på deltid. På den tida var Heine Søn-de-land kasserar.

Bertha Våge vart formann i styret i 1973. Då var ho første kvinnelege formann i landet. På den tida hadde banken ope også fredag ettermiddag.

I 1969 hadde banken 3 mill. kr. i forvaltningskapital. Dette auka til 35 mill. kr. i 1984 som var siste år som frittstående bank.

Med omsyn til bankdrift i dag, og den turbulensen ein opplever med renta, fortel Bertha at også ein gong tidlegare har det vore store svingingar på renta. Ein gong før krigen vart renta endra 3 gonger i løpet av 2 mnd.

Bertha meiner at ein bank må ha ein viss storleik for å stå åleine. Dette var ikkje tilfelle med Bokn sparebank og SR-bank vart løysinga. Bruk av EDB har for fullt overtatt bankvesenet, og dette har vore ein stor lette.

Bertha meiner at banken har vore viktig for kommunen, som har støtta godt opp om boknarane sin eigen bank.

Alle som kjenner Bertha, veit at ho neppe kjem til å få særleg mange kjedelege stunder, sjøl om ho har slutta i banken.

Som banksjef tok ho seg tid til kundene, og opparbeidde eit til-litsforhold til dei som ganske visst var gjennsidig.

Det var ein auke i innskot frå 7,7 mill. kr. i 1975 til 31 mill. kr. i 1984.

I 1984 vart Bertha Våge tilsett som dagleg leiar, og dette året søkte banken fusjon med SR-bank. Dette vart realisert frå 1.08.85.

BOKN BRASS JULELOTTERI

Kaffeservise: Else Nilssen
Fenalår: Ole Øvrebø
Laks: Lene Herigstad
Røyka laks: Malvin Jensen
Brodert Julemotiv: Fam. Gunnar Sæbø
Hekla brikker: Ingebjørg Ognøy
Fruktkorg: Johannes Svendsen
Fruktkorg: Sonja Larsen
Juleurne: Erling Haavik
Juletre: Ella Berge

TREKNING 18. DESEMBER

Kurv m. sjokolade: Arne Ognøy
Rosa urne: Svein Veia
Gavepakning: Magnhild Folkedal
Hvit urne: Ane Alvestad

Gevinstane er levert. Takk til alle som støtta lotteriet med gevinstar, og til alle som kjøpte lodd.

ÅRSMØTE I DEI POLITISKE PARTIA

Senterpartiet og Arbeidarpartiet i Bokn har begge hatt årsmøte. Her fylgjer litt informasjon om aktivitet og val:

SENTERPARTIET

Årsmøte 28.november 1988.

Val:

Styret har slik samansetjing:

Ingolf Kro - leiar
Sigvart Våga - nestleiar
Sigrunn Hole Hosaas - studieleiar
Bertha Våge - kasserar

Alf Alvestad - styremedlem
Anbjørn Bokneberg - styremedlem
Ragnhild Laupland - styremedlem
Anne Marie Medhaug - styremedlem

Aktivitet 1988

3 medlemsmøte
3 styremøte saman med komm.styre-
gruppa.

Saker som partiet har hatt til drøfting er m.a.

Kommuneplan for Bokn.
Forslag til reg.plan for ferje-
leie på Are.
Organisasjonsplan for Bokn kommune.
Kommunebudsjettet for 1989.
Einskildsaker til kommunestyret.

ARBEIDARPARTIET

Årsmøte 5.januar 1989.

ÅRSMELDING (Utdrag)

Talet på medlemmer i Bokn AP i 1988 har vore 22,då er ikkje AUF-medlemmene rekna med.

Bokn AP har i 1988 (etter årsmøtet) hatt 11 styremøte,og i tillegg desse arrangementa:

07.01. Årsmøte

Ope møte under spissformuleringa: Oppdrettsnæring eller friluftsin-
teresser. God oppslutning frå næringa
dårlegare frå politikarar i andre
parti. Innleiarar var Eli Viten og
Øyvind Halvorsen.

01.05. 1.mai-arrangement

Torill Kalstø Storø var hovudtalar

19.09. Medlemsmøte

Avskil med partisekr. Arvid Libak.

11.11. Medlemsmøte

Nominasjonsmøte. Interessant pol.
diskusjon der den nye partisekr.,
Audun Skare, innleia.
Avskil med partimedlemmene Tove og
Inge som flytta til Kopervik.

Det var i okt./nov. gjort forsøk på
å arrangera haustfest med innbedne
frå Bokn Plast og Bokn Fiskeopp-
drett. Dette vart avlyst grunna dår-
leg oppslutning og litt ekstra god
mat vart lagt saman med medlemsmøt-
et/nominasjonsmøtet.

Nytt styre:

Birger Lindanger - leiar
Else Kjellesvik - nestleiar
Berit Are - sekretær
Ottar Alvestad - kasserar
Gunnar Bokneberg - styremedlem

Val av utsending til årsmøte:

utsending leiar - Birger Lindanger
varamann nestleiar - Else Kjellesvik

Val av utsendingar til representant- skap:

Birger Lindanger
Else Kjellesvik

Val av varamenn:

Berit Are
Ottar Alvestad

Val av utsendingar til Rog.APs kvinnegruppe:

Berit Are
Solveig Ørjansen

varamann

Else Kjellesvik

I neste nr. kjem informasjon om års-
møte og val i Bokn Krf. og Bokn
Høgre som begge har årsmøte i febru-
ar.

JULEAVSLUTNING PÅ SKULEN.

For tredje året på rad nå, har me fått den gilde innbydinga til juleavslutning på skulen, og det er noko me gledar oss til.

Klokka sju om kvelden den 20. des. sat dei fleste store og små ved fint dekkja bord m/sangar og sjølvlagde pynt og bordkort. Den store gym.salen og gangen med, var som eit stort julehus der det var plass til alle.

Rektor Svein Veia kom fram på scenen for å ynskja velkomen til den siste julefesten han skulle vera med på som rektor i Bokn, trudde han. Men han fekk ikkje seia mange orda, før Kyrre kom og tok mikrofonen frå han, og elegant tok over leiinga av festen saman med Elisabeth. Rektoren skulle få fri, og berre kosa seg heile festen til ende. Til slutt måtte han berre gå fint ned i salen og setja seg.

Elevane hadde øvd inn eit stort program med både julespel, sketsjar og sang og musikk. Ein av sangane var skriven og framført til Svein Veia. Alt var framført av elevar som hadde lagt ned skikkeleg med arbeid og alvor for å få det til å bli heilt topp for oss som skulle sjå og høyra.

Me fekk og servert av elevane deilig julegraut og saft, etterpå var det kaffi og julekaker bakt på skulekjøkenet. Mandel i grauten høyrer med, og premien var eit elevarbeid (porseleensmaling).

I matpausen var det også utlodning. Gevinstane var kakehus og mange fine elevarbeider frå juleverkstaden. Sokneprest Bårdsen hadde teke turen frå Tysvær, for å vera med oss på denne festen. Han fekk koma til orde etter matøkta.

Skulestyreformannen takka lærarar og elevar for den fine festen, og det sluttar me foreldre oss til.

Det er imponerende å sjå kva som kan bli til, når alle går i lag om oppgavene, som er både mange og store, og alt skal klaffa.

Takk til heile skulen!

Helsing foreldre

Ingunn V.

Den 27. og 28. desember var det data-treff i Håkonshallen under tittelen "Suppliers West Meeting".

"Suppliers" er ei datagruppe i Norge som har medlemmer i Stavanger-området og rundt Oslo.

Føremålet med treffet var å utveksla idear og tankar om data og program. Det var 30 ungdomar frå 13-19 år som møttest i Håkonshallen.

Arrangementet i Bokn var lagt til rette av Trond Lindanger. Han har sjølv ein Commodore datamaskin med diskettstasjon og monitor. Han likar best å laga musikk til program. Det er fleire her i Bokn som har Commodore-maskinar, men berre Trond som er medlem av Suppliers-gruppa.

Programma som dei lagar blir kalla demoar. Dei er ikkje til nytte-bruk, men viser kva dei ulike gruppene kan laga, m.a. musikk.

Det er mest ungdom som er med på dette, og det er ein interessant hobby, seier Trond Lindanger til bygdebladet.

På treffet i Bokn var det ei tevling om kven som kunne laga det beste programmet under emnet "Jul og Nytt-år".

Av dei 30 som møtte var det folk frå Bergen i nord til Kristiansand i sør. Treffet hadde til føremål å utveksle program, idear og å hjelpa kvarandre. Det vart strekt mange ledningar i Håkonshallen for å plugga inn alle datamaskinane som var samla på ein plass.

Arrangementet gjekk greit. Det var fleire ungdomar frå Bokn som var innom og såg på aktiviteten. Kanskje det har stimulert til å investera i ein datamaskin?



MANDAG-SYMJINGA I KARMØYHALLEN

Kvar mandag heile skuleåret reiser ein gjeng skuleelevar og vaksne frå Bokn for å symja i Karmøyhallen.

For tre år sidan gjekk skulen ut med eit tilbod til alle andre boknarar om å bli med i bassenget. Hallen romma fleire enn dei 15 - 20 elevane på skulen.....

Foreldre til skuleborn og foreldre med førskuleborn har vore dei flittigaste. Nokre elevar ved vidaregåande skule i Kopervik har også nytta seg av tilbodet. Ein sjelden gong har andre vaksne møtt opp.

På nyåret drøfta me på nytt symjeopplegget ved Bokn skule. Me såg det nødvendig å få ei skikkeleg avklaring på kven hallen er open for og kva for retningsliner me må fylgja.

- Bokn skule leiger Karmøyhallen frå kl.14.30 - 15.30 (eigl. kl.15.00 - 16.00)
- Elevane har krav på symjeopplæring
- Det skal vera 1 lærar/instruktør pr. 15 elevar. Læraren er både instruktør og badevakt for alle som er i hallen.

Dersom det er meir enn 15 personar pr. lærar/instruktør kan han ikkje vera uti og instruera, men må kun vera badevakt.

No har me sjeldan fleire enn 15 elevar pr. lærar/instruktør, så elevane våre har fått opplæring og nødvendig instruksjon.

Dei fleste gongene me reiser, fylgjer ein eller fleire foreldre med og er til god hjelp i tilsynet av elevane. På denne måten har også dei vaksne symjarane hatt vakt.

Sjølv om alle kjenner eit visst ansvar for kva som skjer uti bassenget, sit læraren med hovudansvaret. Det er læraren det fell på om noko skulle hende.

Dei siste åra har det skjedd fleire ulykker i samband med symjeopplæringa rundt om i landet. Det har fleire gonger kome skriv til skulen med påminning om å passa på at reglane vert fylgde. Med dette for auga, må me no setja ei grense for kven som kan vera med i bassenget når skulen reiser.

- Foreldre som ynskjer å fylgja skuleborna sine, vert rekna som medhjelparar og kan sjølvstøtt halda fram med å reisa.
- Foreldre med førskuleborn kan også reisa. Dei tek sjølv ansvar for borna sine.
- Andre vaksne, som til dagleg bur på Bokn og elles ikkje har tilbod om symjing, må gjerne bli med. Me ynskjer at de ringjer skulen på førehand. Då får de bl.a. vite kor mange som reiser frå skulen.

Dette betyr at ungdomar frå Bokn som går vidaregåande skule ikkje kan nytta seg av symjehallen når Bokn skule leiger han.

Me bed om forståing for denne avgrensinga.

Ta kontakt om det er noko de har på hjarta!

Venleg helsing

BOKN SKULE

150 kroner er nok til mat
for en familie i
Etiopia i én måned.



Postgiro 100
Bankgiro 100

KIRKENS NØDHJELP
Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3

FREKASUND BRU

ER APNA

Onsdag den 21. desember 1988 er ein historisk dag for både Bokn og Tysvær. Då vart dei to kommunane knytta saman med bru mellom Susort og Ognøy.

Sjøl om det ennå manglar ferdige bruer både over Ognasund og Boknasund, var bruåpninga over Frekasundet historisk.

Snora som var strekt tvers over brua vart klipt av både frå Bokn-sida og frå Tysvær-sida av ordførarane Leif Vatnaland og Mandrup Hovland.

Etter intervju i lokalradio og aviser gjekk turen til Boknatun kor det var invitert gjester frå Tysvær, vegvesenet sine folk og frå Bokn. Her vart bruåpninga ytterlegare markert.

Når det gjeld resten av prosjektet skal Ognasund bru vera ferdig til jul 1989. Boknasund bru har vore ute på anbud, og skal i heldigste fall kunna stå ferdig hausten 1990.

Brua er ikkje åpna for vanleg ferdsle ennå, og dei som skal over i kjøretøy må ha nøkkel til bommen.

VAL TIL REPRESENTANTSKAPET I SR BANK

Bokn formannskap valde den 24.01.89 Svein Ivar Langhelle til medlem og Gunn Grønnestad til varamedlem til representantskapet i SR-bank.

Kan levere høy og NH₃-behandlet halm til gunstige priser.
- Skjellsand/grovdolomitt tilkjørt eller ferdig spredd på jorde/kjörbart beite.



Svein Kro
transport

4290 FØRESVIK
Tlf. priv.: 04-74 85 38
Mobil: 090-41 895

TOVE STEINGILDRA

STYRAR I BARNEHAGEN

Etter at søknadsfristen til styrarstillinga i Bokn barnehage gjekk ut, har Tove Steingildra søkt stillinga.

Barnehagenemnda gjorde i møte den 24.1.89 vedtak om å godkjenna for seint innkome søknad, og tilsette Tove Steingildra som styrar ved Bokn barnehage.

1 SØKNAD TIL LEDIG SJUKEPLEIARSTILLING

Etter at søknadsfristen er utgått er det kome inn søknad på ein ledig 3/4 sjukepleiarstilling i Bokn kommune. Søkjaren er Audhild Våge.

Saka skal opp i administrasjonsutvalet med det første.

KJØP OG SALG

Lørdag 11.2 kl. 13.00-15.00

Innlevering av brukt skiutstyr eks: ski, staver, skisko, yttertøy m.m. på Bokn skule fredag 10.2. kl. 18.00-20.00.

Spørsmål: ring 74 85 33 eller
74 85 91

PENSJONISTTREFF

HEIA PENSJONISTAR

Bebuarar og betjening ved Bokn sjukestove inviterer til kosekveld i Allrommet fredag den 10. februar kl. 17.30.

Ta med godt humør.

Resten står vi for:

Dvs. kaffi med noko attåt +
underhaldning.

VEL MØTT

**TRELAST OG
BYGGEFIRMA**
**LANGDAG TIRSDAG
DIN NÆRBUTIKK**
UTVIK^{AS}
AVALDSNÆS - Tlf. 84 31 11
Nær riksvegen og kai

BOKN TEGNE- OG SALGSKONTOR
RING SOLVEIG GUNDERSEN FOR
AVTALE - TLF. 748501
TEGNING - BYGGESAKSBEHANDLING -
FORSLAG TIL KJØKKEN -
MANGE GODE TILBUD

RIKSGALLERIET

Har utstillinga: "Landbruk i Norsk kunst" helga 18. og 19. februar på Bokn skule.
Sjå oppslag.

ARRANGEMENT

3. febr.: Bingo. Arr: Skulekorpset
4. febr.: Dans. Arr: Bokn Brass
10. febr.: Pensjonisttreff i Allrommet.
13. febr.: Kino
17. febr.: Agro-møte
DISKOTEKET 18. februar

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 6. februar.
Påmelding til sosialkontoret tlf. 74 85 00.

HELSESTASJONEN

Helsestasjonen er stengd, onsdag den 15. februar.

TIL SALGS

Bagvogn og bærebag til salgs.
tlf. 74 86 14



MEIR ATT PÅ SKATTEN?



Visste du at med berre folketrygd får dei fleste halvert inntekta den dagen dei vert pensjonert?

Visste du at utgifter til eigen pensjonsordning gir rett til fråtrekk på sjølvmeldinga med inntil 10 % av inntekta?

Visste du at så lenge du ikkje har levert sjølvmeldinga er det enno ikkje for seint?

Visste du at eigen pensjonsordning gir høgt utbytte?

Visste du at du ikkje er bunden til nokon fast innbetaling?

Visste du at vi ordnar dette i SR-BANK Bokn, og dessutan kan gi ytterlegare opplysningar om dette?

Ta kontakt, det vil lønna seg!

SR-BANK Bokn